

## Høringsuttale til vilkårsrevisjon for Lærdalsvassdraget

Som Noregs største friluftslivsorganisasjon har Den Norske Turistforening (DNT) eit særleg ansvar for å bidra til å ta vare på naturgrunnlaget for friluftslivet, både i eit nasjonalt og lokalt perspektiv. Intakt natur, fungerande økosystem og store, samanhengande naturområde er ein føresetnad for naturopplevingar, folkehelse og berekraftig bruk av fjellet – i dag og for framtidige generasjonar.

Vilkårsrevisjon er eit av dei viktigaste verkemidla samfunnet har for å rette opp miljøskadar frå eldre vasskraftutbyggingar, og må nyttast aktivt i møte med naturkrisa og Noreg sitt særlege ansvar for villrein og fjelløkosystem.

DNT sentralt med Bergen og Hordaland Turlag og DNT Oslo og Omegn meiner vilkårsrevisjonen for Lærdalsvassdraget må:

- Leggje vesentleg vekt på den negative påverknaden reguleringa har på villrein, inklusive sumverknader
- Pålegge konsesjonæren å bidra økonomisk til villreinfond, i tråd med miljøpåverkar-betaler-prinsippet
- Prioritere konkrete miljøforbetringar, særleg minstevassføring som del av revisjonen

### Overordna rårer for vilkårsrevisjonen

Revisjonsdokumentet slår fast at hovudføremålet med vilkårsrevisjon er å betre miljøtilstanden i regulerte vassdrag, innanfor ramma av eksisterande konsesjonar. DNT støttar dette utgangspunktet fullt ut, og meiner det er særleg relevant i Lærdalsvassdraget, der fleire av konsesjonane er gjevne i perioden 1946–1969, før dagens kunnskapsnivå om naturmangfald, økosystem og sumverknader.

Lærdalsvassdraget ligg og tett opp mot viktige fjellområde med høg verdi for villrein, friluftsliv og landskap. Reguleringa omfattar fleire store magasin, overføringar og tekniske inngrep i høgfjellsterreng, noko som må sjåast i samanheng med andre inngrep i villreinområda regionalt og nasjonalt.

### Villrein – eit særleg og tungtvegande omsyn

Noreg har eit særleg internasjonalt ansvar for villrein. Nær 90 prosent av den ville, europeiske fjellreinen lever i Noreg, og villrein er definert som ein norsk ansvarsart. Dette ansvaret er tydeleg forankra i Meld. St. 18 (2023–2024), «Ein forbetra tilstand for villrein», der det vert slått fast at den samla belastninga på villrein i Noreg er for stor, og at arealinngrep er den viktigaste negative drivaren.

Stortingsmeldinga peikar eksplisitt på vasskraftutbygging som ein av dei viktigaste årsakane til fragmentering av villreinen sine leveområde. Reguleringar, magasin og infrastrukturanlegg verkar både som fysiske barrierar og som funksjonelle hinder, ved at dei reduserer arealbruk, endrar trekkmonster og aukar menneskeleg ferdsel.

Revisjonsdokumentet omtalar villrein i eige kapittel og viser til at det er fremja krav knytt til villrein frå både villreinnemnd og lokale styresmakter. Her vert det peika på at Kvevatnet og Øljusjøen har endra villreinens arealbruk og lagt tidlegare beiteområde under vatn. DNT meiner dette stadfestar at reguleringa har reell og dokumentert betydning for villreinen sine leveområde. Også i deltaking i arbeidsgruppene for tiltaksplanar for Nordfjella er DNT vorte kjend med at reguleringane i villreinområdet har ført til tap av samanhengande areal og beiter, nerdemming av historiske trekkpassasjar brukt av villrein, funksjonelle barrierar som reduserer eller stoppar reinens sesongtrekk, og auka sumverknader i kombinasjon med vegar, hytter og annan infrastruktur.

Dette har bidrege til at fleire funksjonsområde i Nordfjella og tilgrensande område er klassifisert med dårleg kvalitet, særleg for måleparameteren funksjonelle trekkpassasjar.

Sjølv om ikkje inngrepa til Østfold Energi ligg direkte i kjerneområde for villrein, er det avgjerande å vurdere sumverknader. Villrein er særleg sårbar for gradvis fragmentering, der kombinasjonen av magasin, kraftlinjer, vegar, anleggsvegar og ferdsel over tid reduserer tilgjengelege areal og gjer viktige trekk mindre funksjonelle.

Stortingsmeldinga slår fast at:

- 12 av 24 villreinområde i Noreg har dårleg kvalitet
- ingen nasjonale villreinområde har god kvalitet
- restaurering av leveområde er heilt naudsynt for å nå nasjonale mål

Dette gjer at det etter DNT sitt syn er naudsynt å sjå vilkårsrevisjonen i samheng med villreinomsyna for heile villreinområdet.

## Miljøpåverkar betalar – behovet for villreinfond

Meld. St. 18 (2023–2024) opnar eksplisitt for å vurdere villreinfond i tråd med miljøpåverkar-betalar-prinsippet. DNT meiner vilkårsrevisjonen for Lærdalsvassdraget er ei heilt sentral sak for å operasjonalisere dette prinsippet i praksis.

Reguleringa i Lærdalsvassdraget har bidrege til varig tap av naturareal, redusert kvaliteten på villreinareal regionalt, samt forsterka menneskelege aktivitetar i fjellet.

Dette er forhold konsesjonæren har hatt og har økonomisk nytte av, samtidig som kostnadene i stor grad har vore borne av naturen og fellesskapet. Konsesjonæren skriv at det er ikkje aktuelt å endre vassreguleringa i denne revisjonen, og ein rår frå fleire store tiltak som landbruer, då dette er svært kostbart og med usikker effekt.

DNT meiner difor konsesjonæren bør påleggjast å bidra økonomisk til eit villreinfond. Det er endå tidleg å fastslå kva som er rette tiltak i Nordfjella då tiltaksplanar og plan for reetablering av villrein er under utarbeiding. Villreinfondet er fleksibelt og kan:

- finansiera restaurering av trekk- og leveområde for villrein
- støtta avbøtande tiltak knytt til ferdsel og infrastruktur
- bidra til kunnskapsoppbygging og lokal forvaltning

Eit slikt fond bør sjåast i samanheng med tiltaksplanar etter kvalitetsnorm for villrein, og sikre at midlane faktisk vert nytta der behovet er størst. DNT er budd på å måtte gjere tiltak knytt til våre hytter og ruter. Dette ser me tvingar seg fram då det er vanskeleg å få aksept for tiltak innfor fleire andre sektorar med stor påverknad, slik som kraftanlegg og infrastruktur. Me vonar store aktørar med stort avtrykk, som Østfold Energi, vil verta pålagt å bidra økonomisk i dette svært viktige arbeidet.

## Kvifor miljøforbetringar i regulerte vassdrag må prioriterast

DNT vil understreke at vilkårsrevisjon i praksis er eit av dei viktigaste verkemidla for naturrestaurering i Noreg, og miljøgevinsten i regulerte vassdrag kan vere stor dersom ein sikrar tilstrekkeleg minstevassføringar, reduserer skadeleg manøvrering og set av midlar til restaurering.

Dette er i tråd med både nasjonale miljømål og internasjonale forpliktingar, mellom anna naturavtalen (Kunming–Montreal), der Noreg har forplikta seg til å restaurere øydelagd natur.

Forbetring av miljøtilstanden og tilstrekkeleg minstevassføring i regulerte vassdrag har brei samfunnsnytte. Mellom anna for natur- og landskapsopplevinga, og for fiskevelferda i vassdraget, som igjen er vesentleg for moglegheita for sportsfiske. Til saman utgjer dette viktige natur-, friluftsliv-, og folkehelsesverdiar. DNT støttar difor Lærdal elveeigarlag sine framlegg til konkrete miljøforbetringar og styrka vilkårsformuleringar

**Minstevassføring:** DNT er kjend med Lærdal elveeigarlag sine krav til auka minstevassføringar. DNT har ikkje sjølv kompetanse til å fremja spesifikke vassføringskrav, men me meiner elveeigarlaget sine krav er i tråd med prinsippet om å restaurera for å koma nærare ein naturleg tilstand. Auka vassføring vil koma både fisk og økosystem langs elva til gode. Difor ber me NVE vurdera minstevassføringar nøye opp mot retninga som er sett i naturavtalen og utifrå behovet for å setje moderne vilkår i eldre reguleringar.

**Manøvrering/mjuke overgangar:** Vidare ser me det som naudynt å talfesta vilkår for opp- og ned-manøvrering, slik elveeigarlaget gjer framlegg om. Vilkår må vera etterprøvbare for å sikra at NVE kan ha tilsyn med praksis. Behovet for konkrete vilkår meiner DNT kjem fram på bakgrunn av fleire saker der praktisering av miljøvilkår i regulerte vassdrag har hatt manglar<sup>1</sup>.

---

<sup>1</sup> [https://www.nrk.no/klima/byggeboom-av-norske-sma-vannkraftverk\\_-men-nve-kontrollerer-bare-noen-fa-1.16877598](https://www.nrk.no/klima/byggeboom-av-norske-sma-vannkraftverk_-men-nve-kontrollerer-bare-noen-fa-1.16877598) og <https://www.nrk.no/vestland/ostfold-energi-far-1-million-i-bot-for-stryp-i-laerdalselva-1.17098440>

**Øvrige vilkår - kunstige flaumar og målestasjoner:** Vilkåret om kunstige flaumar må vidarførast i revidert manøvreringsreglement og gjerast enklare å bruke i praksis. Konesjonærens forslag om å fjerne kravet må avvisast, DNT ser på dette vilkåret som viktig for å tilnærma seg ein meir naturleg tilstand i det regulerte vassdraget. Vidare ser me viktigeita av å etablera ein permanent, offentleg tilgjengeleg målestasjon som målar den totale vassføringa i Lærdalselva. Data må vere sanntidstilgjengeleg på Sildre.no og historisk arkivert. Dette for å styrka kontrollen med, og innsynet i miljøvilkåra til fisk og øvrig vassdragsøkologi. Ålmenta sin tilgang til hydrologisk data er viktig for å sjå til praktiseringa av vilkåra, og for tillit til offentleg forvaltning og transparens i kraftbransjen.

For ytterlegare grunngeving og faglege kjelder for tilrådinga visar vi til Lærdal Elveigarlag sin uttale.

## Avslutning

DNT meiner vilkårsrevisjonen for Lærdalsvassdraget må:

- Leggje vesentleg vekt på den negative påverknaden reguleringa har på villrein, inklusive sumverknader
- Pålegge konsesjonæren å bidra økonomisk til villreinfond, i tråd med miljøpåverkarbetaler-prinsippet
- Prioritere konkrete miljøforbetringar, særleg minstevassføring som del av revisjonen

Med helsing

Siren Juliussen  
Seniorrådgjevar, energi og naturforvaltning  
Den Norske Turistforening

Dag Sandvik  
Naturvern- og berekraftansvarleg  
Bergen og Hordaland Turlag

Dag Olav Brækkan  
Ruteansvarlig og naturforvalter  
DNT Oslo og Omegn